

Henning Larsen AS
Sendt til: kristian.johansen@henninglarsen.com

Bergen, 06. februar 2026

Vår ref.: 519865-104

Ansvarlig advokat: Ingrid Sævoid Moe

Kopi til: postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no
Mikkel.Tomt@statsbygg.no

Merknader til planoppstart for Årstad. Gnr. 162, bnr. 53 mfl., Møllendalsveien (sak PLAN-2025/16923)

1 INNLEDNING

Det vises til oversendt varsel om oppstart av detaljregulering og høring/offentlig ettersyn av planprogram i brev datert 17. desember 2025, hvor Statsbygg er forslagsstiller. Wikborg Rein representerer BIR AS (Møllendalsveien 31 AS) som er hjemmelshaver til gnr. 162, bnr. 53 ("**Eiendommen**") i planområdet.

Planforslaget legger til rette for nytt politihus med bebyggelse på inntil 8 etasjer og samlet bruksareal på 24 700 m².

Innledningsvis vil BIR påpeke at Statsbygg har igangsatt denne reguleringsprosessen, uten at BIR som grunneier i forkant ble informert om dette. Det har tidligere vært samtaler mellom BIR og Statsbygg om et mulig erverv av Eiendommen og i den forbindelse har Statsbygg hatt en rekke spørsmål om ulike forhold ved eiendommen, men det har ikke vært orientert om at reguleringsprosess ville starte opp, før denne faktisk ble startet. Samtalene om salg er nå avsluttet da Statsbygg ikke har vært villig til å tilby en pris som er i samsvar med BIR sine prisforventninger med utgangspunkt i verdivurdering

Å binde arealbruken ensidig til offentlig tjenesteyting når Statsbygg ikke vil erverve Eiendommen på markedsmessig riktige vilkår, er uakseptabelt. En slik regulering vil stride mot plan- og bygningslovens formål om bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner, jfr. pbl. § 1-1 første ledd. En regulering som låser en sentrumsnær tomt til et snevert formål som trolig ikke vil bli gjennomført, vil aktivt hindre samfunnstjenlig utnyttelse og effektiv ressursforvaltning.

Plan- og bygningsloven § 1-1 fjerde ledd krever vekt på langsiktige løsninger og beskrivelse av samfunnsmessige konsekvenser. BIR stiller spørsmål ved om det er foretatt en vurdering av konsekvensene ved å reservere en sentrumsnær tomt til et formål som trolig ikke vil bli realisert. En langsiktig løsning som ivaretar lovens formål, vil være å videreføre sentrumsformål som sikrer samfunnstjenlig utnyttelse uavhengig av om politihuset realiseres. BIR vil derfor umiddelbart igangsette egen planprosess på Eiendommen som viderefører sentrumsformålet i områdeplanen.

BIR anmoder derfor om at kommunen unnlater å fastsette planprogrammet, jfr. pbl. § 12-9 tredje ledd, og ber om at kommunen heller ikke tar Statsbyggs planforslag opp til videre behandling, jfr. pbl. § 12-11 første ledd.

BIR vil i det følgende redegjøre nærmere for dette standpunktet.

2 STATSBYGGS PLANINITIATIV MANGLER GJENNOMFØRBARHET

2.1 Statsbyggs planinitiativ er ikke gjennomførbart


Det foreligger ingen avtale mellom BIR og Statsbygg om overdragelse av Eiendommen. Avstanden mellom partenes prisforestillinger er betydelig, og BIR vil ikke selge Eiendommen til under markedspris.

Kommunen har etter plan- og bygningsloven plikt til å sørge for at planlegging skjer på et forsvarlig grunnlag. Dette innebærer at konsekvensene av planvedtak må være tilstrekkelig utredet og at reguleringsplanen må være realistisk gjennomførbart. Statsbyggs planinitiativ oppfyller ikke dette kravet, da planen forutsetter et erverv som ikke er sikret og som ut fra dagens situasjon ikke ser ut til å kunne bli gjennomført.

2.2 Planinitiativet er for snevert

I kommuneplanens arealdel 2018-2030 (KPA), som trådte i kraft 19. juni 2019, er Eiendommen i hovedsak avsatt til **Byfortettingssone** (sone 2). Tilsvarende er store deler av Eiendommen i områdereguleringsplan for Møllendal Vest (plan-id 19530000), som trådte i kraft 19. september 2012, avsatt til **sentrumsformål (SF2), kombinasjonsformål for bygg og anlegg (BAA) og grav- og urnelund (GU)**. Etter punkt 4.7 i planen kan BAA benyttes til "grav- og urnelund, gangvei, barnehage og sentrumsformål". De overordnede planene legger med andre ord opp til en fleksibel bruk av Eiendommen, herunder blant annet bolig, næring, forretning, kontor, og tjenesteyting.

Utsnitt som viser gjeldende arealformål i KPA (t.v.) og gjeldende arealformål i områdereguleringsplan (t.h.):



Konseptskisse for arealbruk for utredningsalternativ 1 (t.v.) og 2 (t.h.) hentet fra Planprogram etter M-1941 DETALJREGULERING ÅRSTAD. GNR. 162, BNR. 53, MFL., MØLLENDALSVEIEN, POLITIHUS, som viser Eiendommen hovedsakelig avsatt til **offentlig tjenesteyting**:



Det er i strid med effektiv og god ressursforvaltning å regulere til et svært snevert arealformål som offentlig tjenesteyting, når plan- og bygningsloven § 12-5 åpner for sentrumsformål og kombinasjon av flere formål, og når overordnede planer allerede legger til rette for slik fleksibilitet. Ettersom offentlig tjenesteyting inngår i sentrumsformålet, bør dette tillegges vekt i vurderingen av om en detaljregulering skal innsnevre formålet. Når det ikke foreligger tungtveiende grunner som taler for en slik innsnevring, bør detaljreguleringen opprettholde den fleksibiliteten som overordnede planer gir. Til støtte for dette vil vi fremheve at;

- Formålet «offentlig tjenesteyting» er lite fleksibelt og vil legge uforholdsmessige begrensninger på Eiendommens fremtidige utviklingsmuligheter. Det foreligger ingen avtale med Statsbygg om kjøp av Eiendommen. BIR vil selge Eiendommen til den aktør som er villig til å betale markedspris, og som da vil utvikle Eiendommen til andre formål.
- Eiendommen har en svært sentral beliggenhet, med kort avstand til sentrumskjernen, bybane, turområder og grøntarealer. I en situasjon hvor det er et tydelig politisk mål om økt boligbygging, blant annet gjennom regjeringens mål om 130 000 nye boliger innen 2030, fremstår det lite hensiktsmessig å låse en sentralt beliggende eiendom til utelukkende offentlig tjenesteyting som ikke vil bli realisert slik situasjonen er nå. Både områdereguleringen og KPA underbygger at Eiendommen egner seg til flere bruksformål. Det vil derfor være feil å bruke planressurser på en snever reguleringsplan som kun ivaretar ett tenkt prosjekt som trolig ikke vil bli realisert.

Oppsummering

Planinitiativet legger opp til en detaljregulering som i realiteten er skreddersydd for ett konkret formål – nytt politihus – og som forutsetter at Statsbygg overtar Eiendommen. Det foreligger ingen avtale mellom BIR og Statsbygg om kjøp av Eiendommen. På denne bakgrunn ber BIR kommunen om å ikke ta et eventuelt planforslag fra Statsbygg opp til videre behandling, jf. plan- og bygningsloven § 12-11 første ledd.

Det er etter BIRs syn ikke hensiktsmessig å utarbeide en detaljreguleringsplan som i praksis bare kan benyttes dersom det faktisk skal bygges et politihus på Eiendommen. Når det ikke foreligger avtale om kjøp av tomten, vil videre planarbeid på grunnlag av Statsbyggs initiativ forsinke en samfunnstjenlig og realistisk utvikling av Eiendommen som samsvarer med områdeplanen.

BIR vil på sin side derfor umiddelbart igangsette en egen planprosess for Eiendommen. Målet er en detaljreguleringsplan som viderefører Sentrumsformålet i områdeplanen, og derfor åpner for flere arealformål, herunder også offentlig tjenesteyting. En slik plan vurderes å ivareta lovens formål og vil legge til rette for samfunnstjenlig ressursforvaltning.

Med vennlig hilsen

WIKBORG REIN ADVOKATFIRMA AS

Ingrid Sævold Moe

Ingrid Sævold Moe
Advokat | partner



HENNING LARSEN ARCHITECTS
Postboks 427
0213 OSLO

Vår referanse: 2025/286581-2
Saksbehandler: Rigmor Huus
Dato: 5. februar 2026
Deres ref.:

Byantikvarens uttalelse til VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØRING AV PLANPROGRAM - ÅRSTAD. GNR. 162, BNR. 53 M.FL. MØLLENDALSVEIEN, POLITIHUS

Vi viser til oversendt varsel om oppstart planarbeid, datert 17.12.2025.

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av nytt politihus i Møllendalsveien 31. PlanID 71950000.

Planprogrammet beskriver to utbyggingsalternativer som skal utredes innen temaene *Arkitektonisk og estetisk utforming* og *Landskap/bylandskap*. Alternativene skal vurderes opp mot eksisterende situasjon (nullalternativet).

Planområdet omfatter verneverdig bebyggelse som forutsettes revet samt at det grenser til H570 bevaring kulturmiljø i KPA2018. Det er også H570 historisk veifar (KPA2018) gjennom deler av planområdet.

Møllendalsveien 19 som er omfattet av H570 vil ikke bli berørt av tiltaket. All bebyggelse med adresse Møllendalsveien 31 forutsettes revet.

Tiltaket ligger svært eksponert til og det er lagt opp til KU for der Arkitektur og estetikk og Landskap skal utredes. Kulturmiljø må også være et tema. Det er derfor viktig at kulturmiljødokumentasjon blir utarbeidet tidlig slik at det blir et nyttig grunnlagsdokument i forbindelse med dette arbeidet.

Landskap	Ja	Ja	M-1941	Et stort nytt volum i landskapet vil gi virkninger for omgivelsene.
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Ja	Ja	Kvalitative vurderinger basert på ulike analyser	Politihuset vil være et viktig offentlig bygg i Bergen sentrum, og byggets utforming vil være av interesse for både nærområdet og byen.

(utklipp fra s 26 i planprogrammet)

Volumskissene viser en stor sammenhengende «vegg» på 6-8 etasjer langs Møllendalsveien. Byantikvaren forutsetter av volumer blir bearbeidet, og bedret og tilpasset kulturmiljøet.

Med hilsen
Byantikvaren

-
-

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: Ingrid Aanonsen Skadal, PBE Byplan Private planer (Arbeidssted) - Øyvind Tveit,
STATSBYGG VEST ADMINISTRASJON BERGEN - Håkon Dreyer Sæter, STATSBYGG
VEST ADMINISTRASJON BERGEN - Jens Petter Viste Kroepelien



Statens vegvesen

RAMBØLL NORGE AS
Postboks 427 Skøyen

0213 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
25/362966-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.01.2026

Svar – Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid med Planprogram– Årstad – Gnr. 162 bnr. 53 m.fl. Møllendalsveien i Bergen kommune

Vi viser til brev i frå dykk av 16.12.25 med varsel om oppstart av reguleringsarbeid med tilhørande Planprogram for Konsekvensutredning på offentlig høyring.

Statens vegvesen har gitt uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan for ny politistasjon i Møllendalsveien til Henning Larsen as. Svarbrevet som vi her gir er ein vidare utdjujing av dei trafikale tema som vi har hatt fokus på ved varsel om oppstart reguleringsarbeidet.

Prosjektet med ny politistasjon for Bergen sentrum er råka av § 6 bokstav b, vedlegg I, punkt 24 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Planarbeidet skal med bakgrunn i dette utgreiast med omsyn til verknadane på miljø og samfunn. Krav om Planprogram er grunngeve i § 4 Plan og bygningslova.

Slik vi oppfattar informasjonen i saka så tek reguleringsplanarbeidet sikte på å leggje til rette for tilkomstar, infrastruktur for både køyrande og mjuke trafikantar, samt viktige omsyn i planområdet. Ein ønskjer å realisere eit nytt og funksjonelt politihus av stor samfunnsmessig betydning. Planprogrammet legg til grunn tema som landskap og bylandskap, samt arkitektoniske og estetisk utforming for begge alternativa som skal utgreiast.

Kapittel 4 i planprogrammet tek opp dei tema ein ser for seg å utgreie. Vi registrerer at trafikkfaglege tema som mjuke trafikantar og tilkomstar i området skal gjerast greie for først som ein del av planskildringa. All den tid begge alternativa for Politistasjon i Bergen sentrum skal nytte Møllendalsveien som er ein relativ smal og til tider uoversiktleg kommunal veg som tilkomst til byens nye politihus, så kunne trafikktema med fordel vore ein del av utgreiingsteama.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Å
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen er klar på at ein må ha fokus på trafikkavvikling og trafikktryggleik, utforma i ein heilskap, for området. Som nemnd ved oppstart av reguleringsplanen så vurderer vi at ei trafikkanalyse bør ligge til grunn for utvikling av dei trafikale tilhøva langs Møllendalsveien frå vest ved kryss mot bybane og E39 og fram til framtidig politihus i aust. Eit eige fokus på mjuke trafikantar si ferdsle både i dag og ved framtidig situasjon er viktig. Særleg lokalisering av gode kryssingspunkt for denne trafikantgruppa på kommunal veg er essensielt. Det må gjerast vurderingar og utformast forslag til korleis trafikken skal avviklast på tidspunkt med rushtidtrafikk til og frå Politihuset. Ovannemnde punkt er ikkje uttømmende med tanke på trafikale tema som vil vere aktuelle som ein del av tiltaket med nytt Politihus.

Statens vegvesen imøteser ein kvalitativ og god gjennomgang av dei trafikale tilhøva langs Møllendalsveien i dag og ved framtidig situasjon når politihuset er realisert. Trafikkavvikling i Møllendalsveien og mot E39, samt tilhøva for ferdsle for mjuke trafikantar må belysast.

Samanfatning

Ovanfor har vi i tillegg til tidlegare uttale peika på dei utfordringane som vi finn aktuelle for eit for dette prosjektet ut i frå det trafikale ansvaret vi har. Sjølv om ferdsel og trafikktryggleik er mellom tema som er spelt inn av oss ved varsel om oppstart av reguleringsarbeidet, er dette temaet særst viktig all den tid ein skal fram og tilbake til Politihuset i Møllendalsveien med mange trafikale utfordringar. Vi ser at det er lagt inn som ein del av dokumentasjonen som skal utarbeidast ved sjølve reguleringsplanen.

Transport-vest/Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

BERGEN KOMMUNE PLAN- OG BYGNINGSETATEN, Postboks 7700, 5020 BERGEN
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

RAMBØLL NORGE AS
Postboks 427 Skøyen
0213 OSLO

Dato	10.02.2026
Vår referanse	2025/56330-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrid Næsheim Bjercke
E-post	Sigrid.Nesheim.Bjercke@vlfk.no
Telefon	96221084

Fråsegn til oppstart av reguleringsplanarbeid - Årstad. gnr. 162, bnr. 53 mfl. - Møllendalsveien - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 17.12.2026 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 162, bnr. 53 mfl. – Møllendalsveien. Hovudføremålet med reguleringa er offentlig tenesteyting. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til Byfortettingssone 2. Planområdet er vist mellom anna som sentrumsføremål i *Områdeplan Bergenhus/Årstad. Møllendal Vest – Grønnevik* (Plan-ID 19530000). Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Om planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å etablere nytt politihus i Møllendalsveien 31. Det skal regulerast inn nytt bygg med inntil åtte etasjar og opptil 24 700m² bruksareal.

Planområdet omfatta om lag 33 daa. Plangrensa inkluderer aktuell eigedom, omkringliggende infrastruktur og kommunal veg Møllendalsveien frå eigedomen og aust til rundkøyring ved fylkesveg 5332 Nygårdsgaten / 584 Solheimsgaten.

Vurdering og innspel

Det er positivt at det er starta opp planarbeid for nytt politihus i Bergen, noko som vil vere positivt for heile regionen, og vil kunne styrke politiet sine tenester.

Planfaglege merknadar

Konsekvensutgreiing og planprogram

I følge framlegg til planprogram skal det utarbeidast konsekvensutgreiing for tema landskap/bylandskap etter miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutredning M-1941.

I tillegg skal tema arkitektonisk og estetisk utforming konsekvensutgreiast og avstemmast mot tema landskap/bylandskap. Det vert vist til at Metodikken skal definerast og tilpassast prosjektet i samsvar med M-1941.

Reguleringsplanen skal legge detaljerte rammer for framtidig utvikling av delområdet i samspel med resten av Møllendalsområdet. Det vil i denne samanheng vere essensielt å vurdere konsekvensane av planen ved full utbygging/ transformasjon og ikkje berre konsekvensar av eit nytt politihus, slik det vert lagt opp til i planprogrammet. I planprogrammet vert utgreiingsbehov knytt til *prosjektet* eller *tiltaket* eller *byggets utforming*. Vi legg til grunn at planprogrammet vert endra til å omfatte samla konsekvensar av reguleringsplanen.

Planprogrammet viser ikkje til regionale planar og retningslinjer og ber om at Utviklingsplan for Vestland vert tatt inn, og at planarbeidet vert vurdert i høve til Regional plan for attraktive senter

Hovudmål:

Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.

Delmål 2.1

- Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne
- Sentrumsutvikling skal byggje på stadens historie, særpreg og landskapstrekk
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar


Retningslinjer for forvaltning 3.1

Nyetablering av statlege, fylkeskommunale og kommunale tenester som er besøksintensive skal planleggjast i eller nær sentrum av senter definert i regional plan eller kommuneplan.

Byutvikling

Senter med eit mangfald av tilbud er attraktivt for brukarane og gjer at ulike funksjonar kan dra gjensidig nytte av kvarandre. Samlokalisering er god arealutnytting, og gjer det mogleg for verksemdar å samarbeide om tenester og fellesfunksjonar og vil kunne trekke til seg anna aktivitet og byliv. Byggesetnad i planområdet er i hovudsak i offentleg eige, men i oppstarvarel er det ikkje vist plan eller ambisjon for anna enn nytt politihus. Vi oppmodar Bergen kommune og Statsbygg vurderer potensiale for transformasjon og byutvikling, som følgjer opp nasjonale, regionale og kommunen sine eigne mål om god byutvikling gjennom samarbeid.

Vi vil i det vidare legge vekt på at planforslaget legg til rette for god urban struktur, korleis bygningar er organisert i høve til ein annan, gjer at det er lett å orientere seg og ferdast i gater og rundt eller mellom bygningar.



Figur 3 – Omtrentlig fotovtrykk. Kilde Lerche Arkitektur AS.
Figur over – Vi saknar blick for utvikling av området, i oppstarvarel er det berre vist ambisjon og planar for nytt politihus. Utsnitt av planinitiativ..fig 4, s. 7.

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltak er i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere å reise motsegn til planforslaget.

Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturmiljøstyresmakta for å synleggjere konfliktområda og om mogleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Nyare tids kulturmiljø

Planområdet har ein heilt sentral plassering i eit historisk landskap der den ligg langs Store Lungegårdsvann i den nedre delen av høgdedraget Kronstad. Plasseringa er tett på Møllendalsvegen og med Klaus Hansensvei i bakkant. Tomta ligg i forlengelsen av grøntarealet på Møllendal kyrkjegard frå 1868.

Sør for planområdet er området dekket av omsynssone i KPA2018 for bevaring av kulturmiljø for Kronstad-Danmarks plass. Området ber tydeleg preg av den tidlege utviklinga utanfor bykjerna frå ca. 1920 – 1930 åra, der ulike område har ein heilskapleg og tydeleg struktur. Her er det fleirmannsbustadar, einiskilde villaer og blokkbebyggelse i gata bak langs Kronstadveien og Ole Landmarks vei. Det tidlegare næringsbygget i Møllendalsveien 19 ligg like utanfor planområdet, og det tilhøyrande sjøhuset i Møllendalsveien 20 ligg delvis innafør planområdet. Begge er regulert med omsynssone bevaring kulturmiljø i områderegeringsplan for Møllendal vest.

Sjølv om området har ein samansett bygningsmasse med ulike bygningsvolum, har området i bakkant ein tydeleg eigenverdi.

Området inngår i ein transformasjon av Møllendal frå industri til sentrum og bustadutvikling. Blanding av hageby og villabebyggelse og ny bebyggelse må ta omsyn til overordna bygningsstruktur. Dette gjeld både den nære bygningsstrukturen og det overordna som er sterkt knytt til landskapet. Dei nære omgjevnadane står sentralt her, men det må og leggast vekt på det store landskapsrommet med Bergensdalen, Store Lungegårdsvann, Møllendalselva og bylandskapet. Ved planlegging og utforming står såleis siktelinjer sentralt.

Forholdet mellom private bustader og offentleg bygg/næring må og omsyn takast. Det vert særleg viktig å vektleggje tilpassing med volum og høg arkitektonisk kvalitet. Ny bygningsmasse må ta omsyn til eksisterande bygningsmasse..

Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innafør planområdet, og potensialet for funn av hittil ikkje kjende freda kulturminne er vurdert å vere låg.

Planprogram

Under kapittel 3.1, Statlege retningslinjer, ber vi om at ei omtale av Stortingsmelding 16, (2019-2020), *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*. I Stortingsmeldinga vert kulturmiljø vektlagt som ein del av berekraftig by- og stadutvikling. Den fastset nye nasjonale mål og ny kulturmiljøpolitikk, der kulturmiljøomgrepet understrekar heilskap og samanheng framfor enkeltobjekt.

Samferdsel

Vestland fylkeskommune ved avdeling Infrastruktur og veg sitt ansvar i planarbeidet er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg. Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar.

Vegfagleg innspel

Trafikkanalyse

Det må utarbeidast ei trafikkanalyse for å kartleggje dagens og framtidig trafikkmengd, fordeling mellom trafikantgrupper og kapasitet i kryss. Trafikkanalysen skal inkludera rundkøyring ved fylkesveg 5332/584. Ei trafikkanalyse skal mellom anna vise:

- **Korleis planen påverkar trafikkstraumar**
- **Behov for nye tiltak på vegnettet**
- **Om eksisterande infrastruktur har tilstrekkeleg kapasitet**

Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)

Her må ein vurdere kvar og korleis tiltak som kryss, avkøyrslar, busslommer, gangfelt og gang- og sykkelvegar skal plasserast og utformast. Målet er å sikre god trafikktryggleik, trafikkflyt og framkome for alle trafikantar.

Vurderingane må byggje på Statens vegvesen si handbok N100 Veg- og gateutforming, og eventuelle fråvik må vere godkjende av vegeigar. Tiltaka må teiknast inn i planen med tilstrekkeleg detaljnivå til at dei kan vurderast både teknisk og arealmessig.

Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)

Ein må greie ut korleis fotgjengarar og syklistar kan ferdast trygt til nærliggjande busshaldeplassar, skular, barnehagar, idrettsanlegg og liknande. Vurderingane bør omfatte:

- **Behov for fortau, gang- og sykkelveg og planskilt kryssing.**
- **Trafikktryggleik og universell utforming**
- **Korleis tiltaket påverkar dagens rørslemønster. Dette er særleg viktig for barn og andre sårbare trafikantar.**

Særlege forhold med tanke på trafikktryggleik

Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av korleis planforslaget påverkar trafikktryggleiken, både for køyretøy og mjuke trafikantar i området. Eventuelle ytterlegare tiltak som kan vurderast:

- **Fartsdempande tiltak.**
- **Sikrere overgangar.**
- **God belysning og siktforhold.**
- **Trafikktryggleik bør omtales som eige tema i planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing.**

Parkeringsdekning og behov

Planen skal vise tilstrekkeleg parkeringskapasitet for det ein planleggjar for (bustader, næring og offentleg tenesteyting). Ein bør i den samanheng vurdere:

- **Behov for bil- og sykkelparkering**
- **Krav i kommuneplanens parkeringsnorm**
- **Tilgjengelegheit for rørslehemma**
- **Løysing som ikkje går utover trafikktryggleiken**

Behov for rekkefølgjekrav

Rekkefølgjekrav sikrar at nødvendige tiltak (t.d. gangveg, kryssutbetring, støyskjerm) vert gjennomførte før nye utbyggingar tek til bruk. Det må vurderast:

- **Kva tiltak som må stå ferdige før byggestart.**

Oppsummering

Vestland fylkeskommune har merknader til planprogram og oppfølging av regional plan. Vi ber om at planarbeidet legg særleg vekt på tema byutvikling, kulturminne og kulturmiljø og samferdsel. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturmiljøstyresmakta for å synleggjere konfliktområda og om mogleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Sigrid Næsheim Bjercke
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Intern sakshandsamarliste

Gunnbjørg Austrheim	KFO - Arealplan
Andreas Sivertsen Våge	INV - Vegforvaltning bergensområdet

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER